



Tre av dei fire i fotballgruppestyret markerar at Heio Cup har vorte SPAR Heio Cup: Jostein Hauso, Haldis Amalie Aakra og Anita Simensen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sundag skal SPAR Heio Cup 2009 avviklast og som i fjor er det innmeldt 30 lag frå heile Kvinnherad. No er også Åkra med - for fyrste gong. Den nye leiaren i fotballgruppa, Jostein Hauso, har også ein annan god nyheit som går fram av namnet: Dei har fått SPAR som hovedsponsor. Butikken står for alle leveransar av mat og drikke og gjev eit økonomisk bidrag i tillegg.**



Trio og Uskedal i kamp under Heio Cup 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi satsar på fint ver og lovar mykje god underhaldning, seier Hauso og dei andre i gruppestyret - Haldis Amalie Aakra, Anita Simensen og Knut Johannes Ripel.

Det er eit stort program som skal avviklast frå klokka 10 til klokka 16.

Med gjennomsnittslag på sju spelarar kjem dei opp i 210 som skal boltra seg på den grønne matta og hvis ein reknar med at det kjem like mange leiarar og foreldrar vil meir enn 400 vera å finna på Heio denne sundagen.

Det krev skikkeleg organisering av til dømes trafikk og parkering. Hauso vonar at så mange som mogeleg av dei 200 bilane som truleg kjem køyrer på Døsslandsio oppover. På Heio vil dei få anvist plassar og bli plassert slik at dei lettast kan køyra Kjerlandsio ned att.

Heio Cup er for dei som er født i 1999, 2000, 2001 og 2002 i ein finn 3, 12, 5 og 10 lag i desse fire aldersklassane.

I tråd med reglementet er det ikkje tevling mellom så unge lag. Her er alle vinnarar og alle vil få nylaga pokalar - med SPAR-symbol på!

Av Ola Matti Mathisen